

Notat

Frå: Næringsavdelinga v/Lena Merete
Söderholm

Til: Hovudutval for plan og næring

Kopi til: Hovudutval for opplæring

Kort orientering om oppstart av "prosjekt undervisningskonsesjon"

Gjennom arbeidet med Verdiskapingsplanen og anna kontakt med fiskeri- og akvakulturnæringa i fylket, har vi fått forståing for at det er eit høg prioritet ynskje frå næringa at vi må arbeide planmessig og strukturert med å auke rekrutteringa til dei marine næringane. Gjennom å auke rekrutteringa til desse næringane vil ein også bidra til auke i folketalet i fylket.

Det er i Verdiskapingsplanen lagt opp til å følgje opp med eit eget program: «rekruttering og kompetanse innan sjømatnæringane». I handlingsplanen for 2015 er det lagt opp til å gjennomføre eit prosjekt «Undervisningskonsesjon 2015 (UK 2015)». Målet med prosjektet er å få utarbeidd og sendt inn søknad om undervisningskonsesjon knytt opp mot Måløy vidaregåande skule i løpet av 2015. Det er vidare tenkt at inntekter frå undervisningskonsesjonen skal nyttast til å ytterlegare styrke utdanningsvegar som er knytt opp mot dei marine næringane.

Prosjektet vert organisert etter PLP-metoden (prosjektlearprosessen) med følgjande funksjonar:

Prosjekteigar (PE): Sogn og Fjordane fylkeskommune v/fylkesdirektør NA, Jan Heggheim

Prosjektlear (PL): Lena M. Söderholm, marin fagkoordinator, NA

Prosjektgruppe (PG): Kristin Maurstad, utviklingsleiar, MVG

John Heimvik, MVG

representant frå OA

Referansegruppe (RG): Solveig Willis, (FHL/Salmon Group)

Bjørn Kvalheim, Opplæringskontoret for fiskeri- og havbruksfag (OKFH)

Prosjektet skal gå over omlag eitt år, med oppstart hausten 2014 og avslutning desember 2015. Det er utarbeidd eigen plan for gjennomføring av aktivitetane i prosjektet.

Det vert sett av noko midlar frå Verdiskapingsplanen for å dekke direkte utgifter i samband med prosjektarbeidet. I tillegg vil prosjektlear og deltakarane i prosjektgruppa måtte sette av ressursar til gjennomføring av prosjektet.

Vedlegg: Korleis gjere «blå opplæring» i vidaregåande skule meir attraktivt?- Erfaringar frå synfaring og møte på Frøya Videregående skole, Sør-Trøndelag